

Arkiv: <arkivID><jplD>
PlanID-2022001,
Plannavn-
Kommuneplanen sin
arealdel for Alver,
Komnr-4631, FA-L13

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 24.08.2022

Saksframlegg

| Saksnr. | Utval | Møtedato |
|---------|--|------------|
| 034/22 | Eldreråd | 05.09.2022 |
| 034/22 | Råd for menneske med nedsett funksjonsevne | 05.09.2022 |
| 030/22 | Ungdomsråd | 05.09.2022 |
| 033/22 | Utval for helse og omsorg | 06.09.2022 |
| 029/22 | Utval for næringutvikling og drift | 07.09.2022 |
| 048/22 | Utval for oppvekst, kunnskap og kultur | 06.09.2022 |
| 080/22 | Alver formannskap | 08.09.2022 |

Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høring

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram for politisk drøfting.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:

Handsaming:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggjast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheims plassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Samrøystes vedteke.

RMNF- 034/22 Vedtak:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggjast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheims plassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Handsaming:

Orientering i saka v/Marte Eriksrud, rådgjevar Plan og analyse

UR- 030/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i ungdomsråd, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift og formannskapet.

Vedtak i dei ulike råd og utval teke med i politisk sak om planprogrammet etter høyring og offentleg ettersyn. Etter høyringa skal planprogrammet handsamast i utval for areal, plan og miljø, før endeleg vedtak i kommunestyret.

Bakgrunn

15. juni 2020 vedtak utval for areal, plan og miljø å sende planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel for Alver ut på høyring og offentleg ettersyn. Høyringsfrist er 15. september 2022.

Planprogrammet skal til handsaming i utval for areal, plan og miljø 5. oktober, med sikte på endeleg vedtak i kommunestyret 20. okt. 2022.

Administrasjonen er bedt om å løfte opp planprogrammet som sak til alle politiske råd og utval, slik at utvala kan gje eventuelle innspel til planprogrammet.

Saksopplysninger:

Kommuneplanen er todelt, og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. 19. mai 2022 vedtok kommunestyret i Alver samfunnsdelen. Samfunnsdelen seier korleis vi vil utvikle samfunnet, kva vi skal satsa på, kva visjonar og mål vi har for framtida – og kva vi må gjere for å koma dit. No arbeider vi med kommuneplanen sin arealdel for Alver. Arealdelen seier korleis vi skal utvikle areala våre, kva vi skal leggje til rette for kor i kommunen, til dømes kor vi skal byggje nye hus, vegar, møteplassar og næring.

Alle planar med vesentleg verknad for miljø og samfunn skal ha eit planprogram, jf. plan- og bygningslova §4-1. Planprogrammet skal vise planområdet, føremål med planen, kva tema som skal vurderast, utgreiingsbehov, korleis planarbeidet er organisert, opplegg for medverknad og framdriftsplan. Det er planprogrammet som er på høyring no.

For tilgang til planprogrammet som er på høyring, sjå høyringssida for planarbeidet: [Alver kommune - Planprogram for arealdelen i kommuneplanen på høyring](#)

Vedlegg i saken:

| | | |
|------------|--|---------|
| 25.08.2022 | Planprogrammet for kommuneplanen sin arealdel - Alver kommune - Framlegg til vedtak om høyring og offentleg ettersyn | 1790670 |
|------------|--|---------|